

Helse Sør-Øst

**Dykkar ref:**

**Vår ref:**

2020/1026 - 42716/2020

**Sakshandsamer:**

Haldis Johanne Økland Lier

**Dato:**

09.09.2020

## Høring - Fullstendig metodevurdering om Organdonasjon

Helse Fonna viser til rapporten *Fullstendig metodevurdering: Organdonasjon med bruk av normoterm regional perfusjon hos pasienter som dør av hjerte- og åndedrettsstans når livsforlengende behandling avsluttes fra Folkehelseinstituttet (2019)*, som er sendt på høring med frist for høyringsuttale 15. september 2020. I Helse Fonna har rapporten vore på høring hjå Klinisk etikk-komité, donoransvarleg lege, føretaksjurist og fagdirektør. Helse Fonna meiner rapporten er grundig og gir eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Helse Fonna meiner det er fleire viktige spørsmål som må svarast ut før ei eventuell innføring av cDCD (controlled Donation after Circulatory Death)

- Helse Fonna meiner det er viktig å følgje fortløpande erfaringar frå pårørande og klinikarar ved innføring av denne metoden. Dette er viktig for å kunne ha ein donasjonspraksis som har støtte både hos befolkning og i helsetenesta.
- Helse Fonna har eit av dei mindre donasjonssjukehusa. Helse Fonna stiller spørsmål ved om denne metoden som stiller større krav, både fagleg og etisk, vil vere ekstra utfordrande for dei mindre donasjonssjukehusa. Ved eit mindre sjukehus vil den mulige interessekonflikten mellom det å vere behandlar og den som set i gang donasjonsprosessen kunne bli særleg utfordra. Helse Fonna ber om at det blir utarbeidd gode rettleiarar slik at det etiske presset blir mindre på kvar enkelt klinikar. Helse Fonna meiner at usikkerhet kan medføre at ein avstår frå donasjonsprosess.
- Helse Fonna støttar at det er viktig med ei nærare presisering og tydeleggjering av dødsdiagnostikken før innføring av cDCD, og ei nærare presisering av vilkår for døds-fastsetting.
- Ved eventuell innføring av denne metoden ser Helse Fonna at samarbeidet mellom tilreisande donasjonsteam og behandlande avdeling på lokalsjukehus kan bli endra. Dette må avklarast og oppgåvedeling/samarbeid skildrast ved protokoll.

Vennleg helsing  
Fag og forskning

Haldis Johanne Økland Lier  
Fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent